

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 06.09.2017

Vår ref.: 201603574-4

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Steinar Pettersen

22959403/stp@nve.no

Tussa Energi AS – Søknad om løyve til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Tussa Energi AS, datert 30.08.2017, om løyve til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk i Ørsta kommune.

Ved opprusting og utviding av Vartdal kraftverk, vil ny kraftstasjon og nytt trykkroyr verte plassert på same stad som eksisterande kraftverk. Trykkroyrret får auka diameter, og slukeemna vert auka frå 225 l/s til 750 l/s. Ny inntaksdam skal byggjast rett ved eksisterande dam. Det blir ingen endringar i reguleringane av Litlevatn og Risaskarvatn. Installert effekt blir 2,5 MW, som vil gi en produksjon på 9 GWh, mot dagens produksjon på 3,2 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 5 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Vartdal kraftverk med tilhørande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vannressursloven og gjeld løyve etter vannressursloven § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunnjingsteksten ligg ved.

NVE ber Ørsta kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på servicekontoret på Rådhuset fram til **20.10.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **20.10.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

NVE vil halde sluttsynfaring av tiltaksområdet tysdag 3. oktober 2017 kl. 10.00. Oppmøtestad er ved eksisterande Vartdal kraftverk. Vi ber om at påmelding til synfaringa sendast på e-post til stp@nve.no innan 28. september 2017. Påmeldinga må innehalda namn på deltakar(ar), eventuelt frå kva etat/organisasjon, og mobilnummer. Det vil vere felles synfaringa av søknaden av Vartdal kraftverk og søknaden frå Vartdal Vassverk om senking av Svartevatna.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Steinar Pettersen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kunngjeringstekst
Orientering til høyringspartane

Mottakerliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
ISTAD NETT AS
Mattilsynet
Møre og Romsdal fylkeskommune
MØRENETT AS
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund - Ålesund
Ørsta kommune
Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Kopi til:

TUSSA ENERGI AS